

Den Opne Forma i vår tid – ei forseinka helsing til Svein Hatløy



Joakim Skajaa

→ Eit år er gått sidan Svein Hatløy gjekk bort. Ved det høvet, og i høve skulen sin 30-årsdag, ei forseinka helsing til den gamle rektoren, gratulasjonar til skulen og dei nye arkitektane.

Det viktigaste arkitekten gjer, er å forme. Det Svein lærte oss, allereie den første dagen på arkitektstudiet, før noko anna skjedde, var at kvar og ein av oss måtte forme sin eigen veg. Gjennom studiet, inn i arkitekturen og samfunnet. Den vegn finn vi ikkje gjennom det som har blitt sagt eller gjort før, eller gjennom det vi sjølv seier, men gjennom det vi sjølv formar. Gjennom forma skapar vi både husvære og tilvære. To sider av same sak.

30 år er gått sidan Arkitektskolen i Bergen tok imot sitt første kull med studentar, og mykje har sjølv sagt endra seg både når det gjeld arkitektur, samfunn og teknologi. Vi står overfor store utfordringar dersom vi skal skape eit berekraftig og rettvist samfunn. Tida som Arkitektskolen i Bergen har eksistert, har i stor grad vore kjenneteikna av individualisme. Det paradoksale resultatet av denne egoismen er at både arkitekturen og individet har mista identitet og sær preg. På godt og vondt refererer ikkje arkitektane til det lokale og stadeigne, men til det globalt publiserte.

Svein starta Arkitektskolen i Bergen med ei klar tilknyting til den regionale byggeskikken. Slik Christian Norberg-Schulz også ofte tala om, er (eller var) måten vi bur eller bygger på, sterkt knytta til lokalt landskap, klima og kultur. Spørsmålet er om ideen om den Opne Forma, slik den vart formulert av først Oskar og Zofia Hansen, og seinare av Svein saman med studentar og lærarar på BAS, hjelper oss å forme (i) vår tid?

På same måte som industrialiseringa i si tid krevde det, kan hende enda meir, vil eg hevde, krev vår tids teknologi- og mediekultur opne og skapande individ. Slike individ som Oskar Hansen skriv om og Svein skapte ein skule for:

Vår tids rytme, og verknaden av den Lukka Forma (som kjem fram i ei særleg drastisk form i den feilaktige tolkinga av industrialiseringa, som dukkar opp i den monstrøse forma av einsformig standardisering) fører til at individualiteten går tapt i kollektivet; individet blir ståande utanfor handlinga. Den Opne Forma hjelper individet å finne seg sjølv i kollektivet, gjer individet

uunnverlig i skapinga av eigne omgivnader.
(Oskar Hansen, *The Open Form in Architecture – the art of the Great Number, CIAM '69*
Otterlo.)

Arkitektskolen i Bergen vart skipa av Svein som eit alternativ. Ein annleis skule, som finn sin relevans, ikkje i likskapen med dei andre, men i nærliken til det lokale og det formande individet. Skulen si utfordring er å vere relevant utan å vere lik dei andre. Det einsformige og standardiserte ser vi ikkje berre i samfunnet rundt oss, men òg på arkitektskular og arkitektkontor. Utfordringa ligg ikkje i å gi form til industri, økonomi og teknologi, men å forme individet sin plass i møtet mellom etymologien og samtida, slik Yoshiharu Tsukamoto uttrykte det då han vitja skulen nyleg. Den beste arkitekturen, slik som til dømes Svein sitt museum i Florø, blir skapt i møtet mellom kulturhistorie, stad og form i samtida.

Ein gong for nokre år sidan, då eg om sommaren skulle ut og reise, spurte eg Svein om han kunne gi meg råd om hus å vitje i Italia. Det gjorde han gjerne, sa han, men først måtte eg teikne kartet sjølv. Dette var sjølv sagt i tida før alle gjekk rundt med all verdas kart i lomma. Uansett eit godt døme på ein lærar som frå dag ein ikkje fortalte korleis ting skulle vere eller gjera, men ga oss muligheta til å forme svaret sjølv. Det viktigaste skulen ga meg, var nettopp muligheta til å forme min eigen situasjon. Dersom det kan vere programmet for ein skule, og eit arkitekturstudium tufta på Open Form, er det ein skule vi treng.

Svein Hatløy, født 12. mai 1940, vart utdanna arkitekt ved NTH (1964) og frå Oskar Hansen si avdeling på Kunstabakademiet i Warszawa (1969). Han var initiativtakar, grunnleggjar, rektor og professor på Bergen Arkitektskole. Han var med å starta arkitektkontora Cubus og Gult Felt. Han fekk Houens fonds diplom i 1988 for arbeidet med Loddefjord Skole. I 2003 vart han øresmedlem i Norske Arkitekters Landsforbund for sitt arbeid med BAS, og i 2009 fekk han Norsk Forms Hederspris for sin store pedagogiske innsats. Han døde 11. juli 2015 i Bergen.

Denne teksten vart skriven til Bergen Arkitekthøgskole sin diplomkatalog august 2016.
Joakim Skajaa
Oslo, juni 2016